

## Vedlegg 2 - Innspel til plan

Oppstart var varslet med e-post/brev, og annonsert på kommunen ([hareid.kommune.no](http://hareid.kommune.no)) og Nordplan ([nordplan.no](http://nordplan.no)) sine heimesider. Hareid kommune opna også for å komme med innspel på Hareid kommune si side på Facebook. Frist for merknader var sett til 22.05.19.

Det kom totalt inn 92 innspel til planprogrammet og oppstart av arbeidet med trafikktryggingsplanen. Ei kategorisert oppsummering av desse innspela er lista opp under.

### 1.1 Fylkesvegar

#### Fylkesveg 61:

- Gangfelt over fylkesveg 61 på Grimstad, for å krysse til Rotarystien og aktivitetar ved Grimstadvatnet
- Passeringslomme/forbikøyringslomme i Holstadkrysset i påvente av rundkøyring
- Holstadkrysset er farleg for mjuke trafikantar
- Trygge kryssingspunkt, m.a. ved Geilane og Bigset. Forslag om lysregulert fotgjengarovergang på Bigset
- Gjere kryssa med Skogvegen, Langerysta og Myravegen sikrare, for eksempel lysregulering eller rundkøyring
- 50/40 sone frå Rise-bygg til Bjåstadbakken
- Utvide 50-sona frå sentrum og forbi Holstadkrysset
- Fleire viser til at 60 sona i Hareidsdalen ikkje vert overhalde, og at det er vanskeleg å krysse vegen for mjuke trafikantar.

#### Fylkesveg 5886 (Tidlegare fv. 35):

- Gang- og sykkelveg frå sentrum og til badeplassen og nasjonalmonumentet på Overå
- 70 sone frå Hareid til Hjørungavåg, med 60-sone forbi Overå.
- Fartsdump for å få ned farten oppom Vågsleitet 12. Ev ei anna løysing som sikrar trygg kryssing for skuleungane. Kryssingspunktet lenger aust vert ikkje nytta.
- Nedsett fartsgrense ved busetnaden på Ulset, ev gateleys eller gangveg
- Gangveg, gateleys eller tilbod om skuleskyss for skuleelevar langs Snipsøyrdalsvegen
- Gangfelt eller fartshumper langs Snipsøyrdalsvegen

#### Fylkesveg 5888 (Tidlegare fv. 37):

- Dårleg sikt for bilar som kjem ned Køyrevegen, pga parkering langs fylkesvegen.
- Fartshump ca ved Strandgata 185
- Vegetasjonsrydding langs Brandalsstranda for å gi betre sikt
- Gateleys i Brandalsstranda
- Fartsreduserande tiltak frå Aasen Bildemontering og inn mot Brandal sentrum.

## **1.2 Kommunale vegar**

### **1.2.1 Kryss:**

- Innstramming av avkøyrsla til Circle K og Elcon. Den er brei og umerka, og dermed uoversiktleg for alle trafikantar
- Krysset ved Eurospar og det nye helsehuset er uoversiktleg og kaotisk, bør vurdere oppstramming, sikringstiltak.

### **1.2.2 Gang-sykkelvegar:**

- Heilskapleg plan for fortau/gang- og sykkelvegar i sentrum. Unngå for mange kryssingar og at mjuke trafikantar må ut i bilveg.
- Skilta gang-/sykkelveg frå Hovlidvegen ned til Hjellebakken, denne vegen vert nytta som køyreveg. Ønskje om bom eller oppheving av vegen som gang-/sykkelveg.
- Vegen ned frå Gnist barnehage bør ha vikeplikt for gang/sykkelvegen som kryssar over vegen
- Skikkeleg bom/sykkelsluse på Pålhaugen, er berre nytta ein stor Stein i dag
- Endre Pålhaugen tilbake til gang- og sykkelveg, og omregulere tilkomst til bustadane der
- Fotgjengarovergang over Geilane nede ved fylkesvegen
- Etablere ei sikrare løysing for mjuke trafikantar som nyttar Skogvegen og den påbegynte gangvegen over mot Langerysta og Bigset skule. Inneber også at ein må vurdere parkeringssituasjon ved Bigset barnehage.
- Ny gangveg langs Kyrkjegata
- Ny gangveg langs Plassane
- Ny gangveg Liavågen-Jomsvoll-(Korshamna), for skuleunger og dei som skal til trening
- Ny gangveg til Gåsneset

### **1.2.3 Fart:**

Svært mange ønskjer fartsreduserande tiltak i bustadområde og langs kommunale vegar. Forslag til tiltak er m.a.


- Skilting
- Bom
- Stenging
- Einvegskøyring
- Fartshumpar
- Det er også komme forslag om at hyppigare fartskontrollar i byggefelta er eit betre alternativ enn å bygge fartshumpar overalt.

Vegar der ein ønskjer fartsreduserande tiltak er:

- Geilane (m.a. Geilevegen 45). Sikre eks. fartshumper, sidan mange kører på gangvegen ved sida av fartshumpen for å unngå å bremse ned
- Røysetvegen (i 40-sona)
- Fredsæla
- Brekkane
- Teigevegen
- Hovlidvegen
- Teigen (ca ved Teigen 22)
- Solsteinen
- Isakdalen
- Mjølkevegen
- Snarvegen
- Kjøpmannsgata
- Kyrkjegata
- Soffibakken
- Vadakkvegen
- Melshornvegen
- Plassane
- Orvavegen (m.a ved Orvavegen 50)
- Bautevegen (m.a. ved Bautevegen 17 og Bautevegen 134)


For nokre av desse vegane har der vore fartshumper tidlegare, men dei har ikkje vorte reetablert etter asfaltering eller anna utbetring. For nokre av vegane kan det vere aktuelt å berre endre fartsgrense, medan for andre er det også behov for fartshumper.

Vegane som er nemnde i flest kommentarar er **Bautevegen, Isakdalen og Soffibakken**. Dei er merka i kartutsnitta under.




Vegar i Hjørungavåg der det har komme innspel med ønskje om fartsdempande tiltak, Nordplan

For Kvitholvegen ønsker fleire at den vert oppretthalden som smal grusveg med 30 km/t som fartsgrense, for å unngå at den vert so god at bilistar kører fortare.



Vegar på Hareid der det har komme innspel med ønske om fartsdempande tiltak, Nordplan



Oversikt over kommunevegar(lilla) og fylkesvegar(lys lilla) der det har komme innspel med ønske om fartsdempande tiltak. For fylkesvegane er det i hovudsak ønske om nedsett fartsgrense, men også kortare strekk med fartshumper.  
Nordplan

#### **1.2.4 Gatelys:**

- Gatelys ved Hareid kyrkje, same styrke som lenger oppe i Isakdalen
- Nye gatelys frå krysset Vadbakkevegen/Kaldholvegen og heile Hareidsmyrane
- Gatelys ved Plassane 21, eksisterande gatelys verkar ikkje
- Gatelys på Gåsneset

#### **1.2.5 Vedlikehald:**

Hekkar/vegetasjon som hindrar sikt.

- Soffibakken, fleire hekkar, m.a tujahekk

Vegoppmerking:

- Manglar oppmerking av skilta fotgjengarovergang like ved krysset Drammensvegen-Kjøpmannsgata

Anna:

- Vedlikehald av tunellen på Alme
- Manglande rekkverk ved Alme
- Vedlikehald/utbetring av Murabrauta

### **1.3 Skulevegar/skulane sine nærområde**

Mange av punkta for kommunale vegar høyrer også til denne inndelinga. I tillegg er det komme følgjande innspel ang. skulane og deira nærområde

#### **1.3.1 Hareid ungdomsskule:**

- Behov for meir og betre belysning av veg- og parkeringsområde
- Bom/sykkelsluse der snarveg/gangveg langs idrettsbana kjem inn mot Isakdalen

#### **1.3.2 Hareid barneskule:**


Mange melder inn bekymring for den kaotiske og uoversiktlege situasjonen ved Hareid barneskule ved levering/henting. Av konkrete forslag og innspel er det komme følgjande.

- Utbetring av Kiss`n ride lomma ved Hareid barneskule. Slik det er i dag må elevar som vert sett av krysse køyrevegen som tilsette brukar fram til parkering. Stopplomma er også for kort, noko som fører til kø bakover og farlege situasjonar.
- Forslag om å stengje Drammensvegen for bilistar i tidsrommet med levering og henting, for å tvinge foreldre til å enten stoppe lenger unna eller gå med ungane.
- Forslag om å ha Drammensvegen einvegskøyrt, og ev. med fortau
- Forslag om fleire gangfelt over sidevegar inn til Drammensvegen
- Forslag til gangveg langs Drammensvegen
- Gjere Drammensvegen mindre attraktiv å køyre slik at færre køyrer ungane

- Bom/sykkelsluse for å bremse myke trafikantar som kjem frå Finnsgardmarka/Kvisla, via kommunal gangveg og vidare inn på Drammensvegen. Også siktutbetring i krysset med Drammensvegen
- Etablere fleire parkeringsplassar, slik at der er betre kapasitet ved henting/levering
- Forslag om å ha Brekkane einvegskørt mot Teigevegen. Mange brukar Brekkane som snarveg, noko som gir mykje gjennomfartstrafikk.
- Forslag om at Brekkane berre er tillat med køyring til eigedommene.
- Skilt med «Barn leker» i Brekkane
- Stenge Brekkane i krysset mot Teigevegen/Kvisla

#### **Generelt for skulane på Hareid:**

- Sikker tilkomst til parken i Åsendalen frå skulane og barnehagane.




*Innspel til tiltak ved Hareid barneskule og Hareid ungdomsskule, Nordplan*

### 1.3.3 Hjørungavåg skule:

Som ved Hareid barneskule er det mange som melder om kaos og trafikkfarlege situasjonar ved levering/henting. Forslag til tiltak er

- Ny parkeringsplass med rundkjøring nedom skulen og bana
- FAU fortsette med det gode haldningsskapande tiltak som aukar aktivitet og reduserer trafikken
- Stengje området med bom i gitte tidspunkt, og med tilgang berre for tilsette og andre som treng køyre heilt til døra.
- Merke opp og skilte gangfelt der mjuke trafikantar som kjem frå Bautevegen kryssar Torsenvegen.
- Få fleire foreldre til å nytte lomma nedom bana til å levere barn
- La den nedste parkeringa vere for lærarar, slik at ingen parkerer oppom skulen. Må ha bom som hindrar bilistar å köyre opp



Innspel til tiltak ved Hjørungavåg skule, Nordplan

### 1.3.4 Brandal Friskule:

Det har ikkje komme konkrete innspel på skuleområde eller skulen sitt nærrområde, anna enn at ein ber kommunen vurdere trafikktryggleiken på vegane som er nytta som skulevegar i bygda.


### 1.3.5 Bigset skule:

Tilbakemelding frå FAU ved Bigset skule er at området stort sett fungerar bra, men at det er følgjande mindre trafikktryggingstiltak som vil bety mykje å få utbetra:

- Oppmerking av p-plassar vest for skulen
- Etablere gangfelt frå parkeringsplass/kiss'n ride-sone i retning til skulen
- Fjerne delar av hekken på gbnr 52/25, fordi den hindrar sikt i krysset til gangsykkelveg og veg.

I tillegg har det komme følgjande innspel som går på nærområde til Bigset skule/Bigset Barnehage:

- Forslag om lysregulert gangfelt eller blinkande oransje lys ved eksisterande gangfelt aust for skulen
- Vurdere tiltak for Skogvegen og den påbegynte gangvegen frå Skogvegen over til Langerysta, sidan desse vegane fungerar därleg i dag både for bilistar og mjuke trafikantar, og er skuleveg for mange.
- Vurdere parkering/trafikksituasjonen ved Bigset barnehage. Parkeringsplassen bak barnehagen bidreg til farlege situasjoner og auka trafikk i vegen som er nytta som skuleveg. Det er etablert ny parkeringsplass nedom barnehagen, men mange nyttar likevel den bak barnehagen. Ryddigare situasjon ved barnehagen vil bidra til tryggare skuleveg.



Innspel til tiltak ved Bigset skule, Nordplan.

### **1.3.6 Friområder/ turområder**

- Innspel om kryssing av fv på Grimstad, for å krysse til Rotary-stien og aktivitetar ved Grimstadvatnet (også nemnd under fylkesvegane)
- Gang-/sykkelveg langs fv 35 til Ovrasanden for å sikre tilkomst til Ovrasanden.

Desse innspela er også nemnde under punktet om fylkesvegane

### **1.3.7 Innspel ang parkeringsproblem**

#### **Ved kyrkja:**

- Feilparkering i området rundt kyrkja. Fleire viser til parkering ved Isakdalens fotgjengarovergangen mot Pålhaugen, som skaper siktproblem for mjuke trafikantar som skal krysse vegen
- Etablere fleire parkeringsplassar for å unngå villparkering

#### **Sentrum:**

- Mange parkerar på HC-parkering ved apoteket

### **1.3.8 Innspel til planarbeidet og haldningsskapande arbeid**

- Alkolås i alle køyretøy som tilhører kommunen
- Alkolås i alle køyretøy som er i teneste for kommunen, for eksempel taxi, renovasjon mm.
- Sette krav til god kollisjonstryggleik for alle bilar som kommunen enten eig sjølv eller som er i teneste for kommunen
- Sette fokus på universell utforming i planarbeidet
- Sikre eit oppdatert og godt nok kunnskapsgrunnlag til planarbeidet
- Haldningsskapande arbeid som kan gjere at ein får ned farten på bilistane i bustadfelta